



Sameiet Toftinganeset Avløpsanlegg  
c/o Eirik Moe Helleveien 237C  
5039 BERGEN

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 18/3587 - 19/18358

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
knut.bjornevoll@lindas.kommune.no

Dato:  
12.09.2019

## Utsleppsløyve for fellesanlegg - gbnr 62/47 m fl Tofting

Administrativt vedtak: **Saknr: 346/19**

Byggestad: Gbnr: 62/47  
Tiltakshavar: Sameiet Toftinganeset Avløpsanlegg  
Ansvarleg søker: Delta Bolig Prosjektering AS  
Type utslepp: Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 10.000 pe til sjø  
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 13-3

### SAKSUTGREIING:

#### Utsleppet

Saka gjeld søknad om utvida utsleppsløyve for felles avløpsanlegg , som vert utvida frå 15 til 75 PE .

Fellesanlegget er bygd etter utsleppsløyve frå 2002, der vilkåret var at tilknyting over 15 pe utløyser krav om nytt utsleppsløyve. Anlegget vart først etablert med mellombels pumpeleidning i Kastevågen fram til kum ved bruha, for dei første hyttene som vart tilknytt. Seinare vart det lagt sjølvfallsleidning og pumpeleidning på land langs internvegen i hyttefeltet Denne søknaden omfattar ingen nye inngrep . Kvar eideom har/skal ha separate slamavskiljarar tilgjengeleg for tömming av vanleg slamtømmebil.

#### Plassering

av anlegget er vist i vedlegg 4 i søknaden, med innmålte data. Meir detaljerte innmålingsdata må leverast inn med søknad om ferdigattest.

#### Planstatus

Anlegget ligg delvis i regulert hytteområde på Tofting , delvis i LNF og delvis i sjø i Kommuneplanen sin arealdel for Lindås 2011 – 2023. Resten av sjøleidningen og utsleppspunktet ligg innafor KOMMUNEDELPLAN FOR LINDÅSOSANE, LYGRA OG LUREFJORDEN. Begge planane opnar for legging av leidningar i sjø i føresegnene.

#### Dispensasjon

Sidan anlegget alt er opparbeidd og nedgrave i LNF-området, i samsvar med tidlegare godkjent søknad, vil kommunen ikkje kreva dispensasjonssøknad i samband med utviding av anlegget.

## **Forhold til naboar og grunneigarar i traséen**

Søknaden er ikkje nabovarsla. Kommunen vurderer nabovarsling som unødvendig. Arbeidet med anlegget er for lengst utført. Alle som er berørt, er partar i saka; som eigarar av anlegget og/eller gjennom grunnavtale.

## **Uttale frå anna styresmakt**

Saka vart sendt på høyring til Bergen og Omland Havnevesen, Fylkesmannen i Vestland, Lindås kommune - Miljøretta helsevern og Lindås kommune - Teknisk drift VA.

## **Fylkesmannen i Vestland**

viser til reglane i kap 13 om reinsekrav, prøvetaking og rapportering og har ingen spesielle merknader til søknaden

## **Lindås kommune VA-avdelinga**

kjem med følgjande uttale: *innstillinga til VA avdelinga, når det gjeld å overta eksisterande avløpsanlegg er: Dersom det er naturleg å overta eit anlegg grunna at det f. eks er forventa ei større utbygging. Dette er eit tema som var oppe i utarbeiding av temaplan vva det har også vert oppe som sak i formannskapet, under gjennomgang av temaplan. Innstillinga er at det ikkje er noko prioritert oppgåve å overta slike anlegg, med dei kostnader det vil medføre, dersom det då ikkje er særskilte grunnar til å overta.*

## **Anna lovverk**

### **Hamnelova .**

Bergen og Omland Havnevesen gav løyve til legging av leidning i sjø 21.05.2002. Ref HAV-02-5433-4.

## **Plan - og bygningslova**

Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 20-3 er motteken og vert handsama i eiga sak.

## **Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg**

I utgangspunktet skal avløpsanlegg over 50 PE eigast og driftast av kommunen. Kommunen si VA-avdeling ønsker ikkje å overta anlegget, mellom anna fordi det ikkje er planlagt større utbygging i området.

## **Passering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart motteke 13.02.2019.

## **Dimensjonering**

Med 5 pe pr eining er dei 13 hus/hytter som er tilknytt i dag dekka. For anlegg av denne storleiken kan krav om pe per eining reduserast litt, slik at det vil vera ein viss reservekapasitet i løyvet. Dette vil bli vurdert når fleire søker om å etablera slamavskiljar tilknytt dette anlegget.

## **Reinseløsing**

Utsleppet frå eigedommane skal reinsast i separate slamavskiljarar før det reinsa utsleppet vert ført vidare i tett leidning til sjø på djupt vatn. Reinseløsinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

## **Prøvetaking**

Det er krav om regelmessig prøvetaking for større avløpsanlegg. For dette anlegget er den enklaste forma for prøvetaking aktuell, jf. forureinsingsførskrifta:

### **§ 13-13. Alternativ til prøvetaking**

Renseanlegg mellom 50 og 1000 pe i mindre følsomt område kan ha dokumentasjon som alternativ til årlig prøvetaking, jf. § 13-12. Det skal innen 18 måneder etter oppstart av reseanlegget foreligge en rapport for hvert enkelt anlegg som verifiserer at kravene etterkommes. Rapporten skal være basert på minst 6 prøver tatt over en periode på 12 måneder.

### **Drift og vedlikehold**

Sameiet Toftinganeset Avløpsanlegg har ansvaret for drift av fellesanlegget.

Kvar enkelt eigedom skal ha sin slamavskiljar og drifta av denne. Eigedomane skal inngå i kommunal slamtømmeordning.

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tømmast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf forureiningsforskrifta § 13-11.

### **Privatrettslege tilhøve**

Avløpsanlegget er plassert på gbnr 62/3, 62/43 og 62/4

Det ligg føre skriftlege avtalar datert mellom tiltakshavar og grunneigarane.

Avtalar om plassering av anlegg og leidningar på privat eigedom og rett til bruk av privat avløpsleidning bør tinglysast på eigedomane.

### **VURDERING**

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik han ligg føre med utslepp via slamavskiljarar til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

### **Plassering**

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart mottatt 13.02.2019.

### **VEDTAK:**

**Med heimel i forureiningslova § 11, jf . forureiningsforskrifta § 13-5 vert det gjeve utsleppsløyve for felles avløpsanlegg på Tofting:**

- 1. Avløpet skal reinsast i slamavskiljarar, slik det er søkt om.**
- 2. Slamavskiljarane skal plasserast slik at dei kan tømmast innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.**
- 3. Utsleppet er godkjend for inntil 65 pe.**
- 4. Utsleppet skal drivast i samsvar med krava i forureiningsforskrifta §§ 13-6 – 13-16.**
- 5. Prøvetaking skal gjennomførast i tråd med § 13-13 i forureiningsforskrifta.**

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forureningsloven § 85](#) 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

## **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjøve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnehene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

## **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablera utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

## **Tilsyn, endring og opphør av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avløpsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si ytting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekka kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/3587**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Delta Bolig Prosjektering AS	Grøvlesvingen 29	5108	HORDVIK
Sameiet Toftinganeset Avløpsanlegg	c/o Eirik Moe	5039	BERGEN
	Helleveien 237C		

**Mottakarar:**

Delta Bolig Prosjektering AS	Grøvlesvingen 29	5108	HORDVIK
Sameiet Toftinganeset Avløpsanlegg	c/o Eirik Moe	5039	BERGEN
	Helleveien 237C		